



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	05.02.2025
Møtetid:	09:00 - -14:30
Møtestad:	Frekhaug, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	leiar	AP	
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Liv Hopland Van der Kooij	medlem	SP	
Kenneth Taule	medlem	UAVH	
Murberg			
Olav Myhr	medlem	KRF	
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Wilfred Berthelsen	MEDL	INP
Leif Johnsen	MEDL	MDG
Henning Fyllingsnes	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Irene Stendal Østerbø	varamedlem	INP
Eldbjørg Bakke	varamedlem	R
Karina Borgen Solen	varamedlem	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide	Møtesekretær
Eirik Sætre	Avdelingsleiar
Siril Therese Sylta	Tenesteleiar
Laila Bjørge	Avdelingsleiar
Mari Emilie Pettersen Hagenlund	
Maya Greve	
Are Frøysland Grande	Avdelingsleiar
Mikkel Bengtsson	
Merethe Tvedt	Rådgjevar
Ingrid Raniseth	

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide
Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 12/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 13/25	Godkjenning av møteprotokoll APM 15.01.25	
PS 14/25	Delegerte vedtak APM 05.02.25	
PS 15/25	Referat saker	
RS 3/25	Vedtak - gbnr.141/38 - Kvamsvågen 24 - flytebryggje	
RS 4/25	Stadfesta - Klage på løyve til oppføring av naust - gbnr. 40/112 Hodneland	
PS 16/25	Klage på avslag dispensasjon frå plankrav for oppretting av grunneigedom - 137/258 Rishaugane 25	
PS 17/25	Klage på avslag på søknad om riving av bustad og oppføring av bustadbygg med 5 bueiningar - gbnr 137/142 - Nedre Alver 29	
PS 18/25	Klage på avslag om dispensasjon frå reguleringsplan - Gbnr 445/487 og 445/488	
PS 19/25	Detaljregulering for Snekkevika - PlanID 46312020007- 2. gongs handsaming	
PS 20/25	Klage på plansak - Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua - PlanID 46312020005	
PS 21/25	Klage på avslag dispensasjon frå plankrav for oppføring av bustad og for å nytte gang- og sykkelveg som tilkomstveg til bustad - gbnr 214/222 Fyllingsnesvegen 154	
PS 22/25	Klage på vedtak om dispensasjon for planering og bryggje - gbnr 416/15 Øvre Mjøs 2	
PS 23/25	Saksframlegg- Revidert kommunal målsetning for hjort 2025-2030	
PS 24/25	Detaljreguleringsplan for Lindås gravplass nedr, gbnr 108/627 m.fl., PlanID 46312023002 - 2. gongshandsaming	

PS 25/25	Endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune
PS 26/25	Meldingar / orienteringar til APM
RS 5/25	Tilsynstrategi 2026 - 2028

PS 12/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

PS 23/25 vert flytta opp til etter sak PS 16/25.

Samrøystes. Ingen merknader.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Innkalling og sakliste er godkjent

PS 13/25 Godkjenning av møteprotokoll APM 15.01.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 14/25 Delegerte vedtak APM 05.02.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Delegerte vedtak er teke til vitande.

PS 15/25 Referat saker

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Referatsaker vert samrøystes vedteke teke til vitande.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Referatsaker er teke til vitande.

PS 16/25 Klage på avslag dispensasjon frå plankrav for oppretting av grunneigedom - 137/258 Rishaugane 25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Utvalet var på synfaring tysdag 04.02.25.

Framlegg frå Kenneth T. Murberg-SP:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå det generelle plankravet i kommunedelplan for Knarvik – Alversund.

Det vert samstundes gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom avgitt frå 137/25.

Drøfting:

Arealet som er søkt frådelt ligg på eit eget plan i tomten, betydelig lavere enn hovedhus, og virker til å være godt egnet for fradeling. Høydeforskjellen gjør til at området ikke blir naturlig benyttet sammen med hovedhus

Det er lett tilgang til veg, vatn og avløp, og teknisk drift har ingen merknader til eventuell tilkobling.

Det vil vere god arealpolitikk å ta i bruk arealer i allereie eksisterende byggefeler, som er egnet, eller mulig å dele frå, frå uforholdsmessig store tomter.

Dette er samtidig i tråd med sentrale føringer om fortetting, og ein viser til at tomten ligg tett på kollektivknutepunkter, skole og butikk.

Av dei negative momenter som utvalget har vurdert, er at KDP har eit krav til minste tomtestorleik for en enebolig på minst 650 kvm. Fradelingen vi gi en tomt på ca. 600 kvm. Og det mangler slik sett 50 kvm. I forhold til plan de søkes dispensasjon fra.

Det sentrale her er at utbygger klarer å synliggjøre at behov til uteareal, parkering ol. Blir ivaretatt innenfor tomteområdet.

Utvalet legg til grunn at dette vert ivaretatt i en byggesøknad

Presedensvirkning er et annet moment som utvalget har vurdert. Fradeling av tomter er betinget av at grunneier har et slikt ønske, at noen er villig å kjøpe, og at tomten er egnet.

Dersom disse betingelser er tilstede, vil det synes fornuftig med både fortetting, og fornying i dette feltet.

Konklusjon:

Etter synfaring 4.2.2024 har difor utval for Areal Plan og Miljø, komme til at fordelene med i gi dispensasjon er klart større enn ulempene, ref. vurderinga ovenfor.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster mot 1 røyst. (Karina B Solen-H, Nina S Øvreås-FRP, Olav Myhr-KRF, Tore Helland-FRP, Yngve Walaker-FRP, Eldbjørg Bakke-R, Kenneth T. Murberg-SP. Irene S. Østerbø-Uavh, Liv Hopland-SV, Olav S. Namtvedt-SP)

Kommunedirektøren fall med ei røyst mot 10 røyster. (Ståle J Hauge -AP)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå det generelle plankravet i kommunedelplan for Knarvik – Alversund.

Det vert samstundes gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom avgitt frå 137/25.

Drøfting:

Arealet som er søkt frådelt ligg på eit eget plan i tomten, betydelig lavere enn hovedhus, og virker til å være godt egnet for fradeling. Høydeforskjellen gjør til at området ikke blir naturlig benyttet sammen med hovedhus

Det er lett tilgang til veg, vatn og avløp, og teknisk drift har ingen merknader til eventuell tilkobling.

Det vil vere god arealpolitikk å ta i bruk arealer i allereie eksisterende byggefeler, som er egnet, eller mulig å dele frå, frå uforholdsmessig store tomter.

Dette er samtidig i tråd med sentrale føringer om fortetting, og ein viser til at tomten ligg tett på kollektivknutepunkter, skole og butikk.

Av dei negative momenter som utvalget har vurdert, er at KDP har eit krav til minste tomtestorleik for en enebolig på minst 650 kvm. Fradelingen vi gi en tomt på ca. 600 kvm. Og det mangler slik sett 50 kvm. I forhold til plan de søkes dispensasjon fra.

Det sentrale her er at utbygger klarer å synliggjøre at behov til uteareal, parkering ol. Blir ivaretatt innenfor tomteområdet.

Utvalet legg til grunn at dette vert ivaretatt i en byggesøknad

Presedensvirkning er et annet moment som utvalget har vurdert. Fradeling av tomter er betinget av at grunneier har et slikt ønske, at noen er villig å kjøpe, og at tomten er egnet.

Dersom disse betingelser er tilstede, vil det synes fornuftig med både fortetting, og fornying i dette feltet.

Konklusjon:

Etter synfaring 4.2.2024 har difor utval for Areal Plan og Miljø, komme til at fordelene med i gi dispensasjon er klart større enn ulempene, ref. vurderinga ovenfor.

PS 17/25 Klage på avslag på søknad om riving av bustad og oppføring av bustadbygg med 5 bueiningar - gbnr 137/142 - Nedre Alver 29

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Utvalet var på synfaring tysdag 04.02.25

Framlegg frå Nina S Øvreås-FRP, Yngve Walaker-FRP, Tore Helland-FRP, Olav Myhr-KRF, Karina B.Solen-H:

Tomten har en falleferdig bolig som skal rives. På tomten ved siden av er det bygget en firmannsbolig for noen år tilbake.

Dette tiltaket er sammenlignbart med tiltaket på naboeiendommen innsendt søknad

Det gies rammeløyve til riving og oppføring av 5-mannsbolig med tilhørende murer og infrastruktur på grn 137/142 som vist i

Det gies dispensasjon fra kravet til reguleringsplan, jfr. kommunedelplan for Knarvik Alversund

Det gies dispensasjon for utnyttelses grad på tomt .

Fordelene er større enn ulempene. Overordnede planer legg føringer til fortetting i området. Det er kort skolevei og til kollektivtransport.

Det er i tråd med miljøløftet om bruk av gang og sykkelvei samt kollektiv transport

Fortetting av område uten å ta mer bruk av nye områder av uberørt natur som er i tråd med nasjonale føringer

Plan blir ikke satt vesentlig til sides PBL 19-2

Framlegget fall med 5 røyster mot 6 røyster. (Karina B Solen-H, Nina S Øvreås-FRP, Olav Myhr-KRF, Tore Helland-FRP, Yngve Walaker-FRP)

Kommunedirektøren sitt framlegg blei vedteke med 6 røyster mot 5 røyster. (Ståle J Hauge-AP, Olav Steinar Namtvedt-SP, Liv Hopland-SV, Irene S Østerbø-Uavh, Kenneth T Murberg-uavh, Eldbjørg Bakke-R)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Klagen i frå tiltakshavar vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen pkt. 2.2 plankravet i samband med søknad om etablering av 5-mannsbustad med tilhøyrande murar og infrastruktur på eigedom gbnr 137/142. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune avslår søknad om rammeløyve for riving av eksisterande einebustad og løyve til etablering av 5-mannsbustad med tilhøyrande murar og infrastruktur på eigedom gbnr 137/142. Avslaget er gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a og 20-3.

Grunngjeving går fram av vurderinga i denne saka.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 18/25 Klage på avslag om dispensasjon frå reguleringsplan - Gbnr 445/487 og 445/488

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Utvalet var på synfaring tysdag 04.02.25

Protokolltilførsel frå areal, plan og miljø:

- Areal, plan og miljø er positiv til begrensa fortetting gjennom plan.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Klagen i frå tiltakshavar i sak 2024/6782, datert 17.10.2024, vert ikkje teke til følgje.

Avslaget som vert ståande lyd slik:

«Søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Langhøyane vedkommande krav til frittliggande einebustad for oppføring av tomannsbustad på gbnr. 445/487 og 445/448 vert avslått. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

PS 19/25 Detaljregulering for Snekkevika - PlanID 46312020007- 2. gongs handsaming

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Utvalet var på synfaring 04.02.25

Framlegg frå Olav Steinar Namtvedt-SP:

Framlegg til vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for Snekkevika, gnr 464, bnr 41 m.fl, Plan ID 4321 20 2007, vist på plankart sist dagsett 09.09.2024 og med føresegner av revisjonsdato 09.09.2024, vert ikkje å leggja ut til offentleg ettersyn, jfr plan- og bygningslova § 12, 11 APM avslår planforslaget.

Grunngjeving:

Planframlegget vil føra til store inngrep i eit forholdsvis avgrensa område. Det gjeld både veg, tal hytter og tal båtplassar

Planen er ikkje i samsvar med overordna arealstrategi for KPA Radøy, der det heiter: « Det skal ikkje opnast for å føra opp nye fritidsbustader eller vesentleg utvida eller modernisera eksisterande fritidsbustader innanfor tettstadane. Fritidsbustader har berre prioritet i etablerte områder for fritidsbustader nord i kommunen».

Snekkevika er eit avgrensa område med gode kvalitetar for friluftsliv, noko som etter APM sitt syn vert klart forringa ved så omfattande utbygging og store inngrep for å få veg fram til området.

Badeplassen vil med noko opprusting verta (og har vore) ein populær lokal badeplass for folk i nærområdet. Med så omfattande utbygging vil området i mykje større grad verta privatisert og naturopplevingane monaleg forringa.

Framlegget fall med 5 røyster mot 6 røyster. (Olav Steinar Namtvedt-SP, Ståle J Hauge-AP, Liv Hopland-SV, Irene S Østerbø-Uavh, Eldbjørg Bakke-R)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster mot 5 røyster. (Karina B Solen-H, Nina S Øvreås-FRP, Tore Helland-FRP, Yngve Walaker-FRP, Kenneth T Murberg-uavh, Olav Myhr-KRF)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Snekkevika gbnr. 464/41 mfl. PlanID 4631 202007, som vist på plankart sist datert 09.09.24 og med føresegn av revisjonsdato 09.09.24.

Før utlegging til offentleg ettersyn må følgjande endringar implementerast i planforslaget:

- Føresegn §4.5.1 b andre setning «4 av båtplassane skal etablerast i flytebrygge i tilknytning til naustområde BUN4», vert fjerna.
- Føresegn §4.1.5 c: Leggje til følgjande tekst «Innafor feltet gjeld kommuneplanen sine føresegn for utforming av naust».
- Føresegn §3.7.2: Leggje til følgjande tekst: «Planen må gjere greie for handsaming av myrmassar jf. §3.6 f»
- Plankart: Kartet må oppdaterast med byggehøgder og utnyttingsgrad. Det må regulerast avkøyrsløp til naustområdet BUN1.
- Situasjonsplan og illustrasjonar må oppdaterast slik at dei samsvarar med planforslaget ved maks utnytting av området.»

PS 20/25 Klage på plansak - Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua - PlanID 46312020005

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Klagen ifrå naboar på detaljregulering for Fv.565 Alversundbrua, datert 17.07.2024, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket, frå Alver kommunestyre av 19.06.2024 som vert ståande, lyd slik:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for fv. 565 Alversundbrua, PlanID 46312020005, som vist på plankart sist datert 15.05.2024 og med føresegner av revisjonsdato 15.05.2024.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

PS 21/25 Klage på avslag dispensasjon frå plankrav for oppføring av bustad og for å nytte gang- og sykkelveg som tilkomstveg til bustad - gbnr 214/222 Fyllingsnesvegen 154

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Framlegg frå Olav S. Namtvedt-SP:

APM ynnskjer å utsette saka for synfaring ved første moglegeheit.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster mot 1 røyst. (Nina S. Øvreås-FRP)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Saka er utsett for synfaring. APM ber om synfaring ved første moglegheit.

PS 22/25 Klage på vedtak om dispensasjon for planering og bryggje - gbnr 416/15 Øvre Mjøs 2

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Framlegg frå Nina S Øvreås-FRP:

Klagen ifrå Statsforvaltar på dispensasjon gitt av APM, datert 27.06.2024, vert ikke tatt til følge.

Begrunnelse

Utvalet har vert på synfaring og fått orientering om forholda på staden. Utvalet sin vurdering er at strandsonevernet og arealformålet ikkje vert vesentleg tilsidesett. Fordelen med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Klagen ifrå Statsforvaltar på dispensasjon gitt av APM, datert 27.06.2024, vert ikke tatt til følge.

Begrunnelse

Utvalet har vert på synfaring og fått orientering om forholda på staden. Utvalet sin vurdering er at strandsonevernet og arealformålet ikkje vert vesentleg tilsidesett. Fordelen med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.»

PS 23/25 Saksframlegg- Revidert kommunal målsetning for hjort 2025-2030

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

Som kommunedirektøren sitt framlegg med dei tilleggsendingar som er lagt fram i orienteringa til saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Kommunedirektøren tilrår at Alver kommune sender revidert kommunal målsetning for hjorteforvaltning for perioden 2025-2030 på høyring, jf. vedlagte dokumentasjon og tilhøyrande vurderingar.

Som kommunedirektøren sitt framlegg med dei tilleggsendingar som er lagt fram i orienteringa til saka.

PS 24/25 Detaljreguleringsplan for Lindås gravplass nedr, gbnr 108/627 m.fl., PlanID 46312023002 - 2. gongshandsaming

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Lindås gravplass nedre, gbnr 108/627 m.fl., PlanID 4631 2023002, som vist på plankart sist datert 13.12.2024 og med føresegner av revisjonsdato 13.12.2024.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.

PS 25/25 Endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Felles framlegg frå APM:

- APM støttar Levekår si uttale til Formannskapet om å setje ned ei arbeidsgruppe.
- APM meiner ungdomsrådet skal følgje dei same retningslinjer / prosedyrer på lik linje som dei andre utvala og råda.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Uttale frå areal, plan og miljø til formannsskapet:

Kommunestyret i Alver vedtek «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland» slik den ligg føre. Forskrifta trer i kraft 20. februar 2025 og erstattar tidlegare tilsvarande forskrift.

- APM støttar Levekår si uttale til Formannskapet om å setje ned ei arbeidsgruppe.
- APM meiner ungdomsrådet skal følgje dei same retningslinjer / prosedyrer på lik linje som dei andre utvala og råda.

PS 26/25 Meldingar / orienteringar til APM

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Orienteringa er samrøystes teke til vitande.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.02.2025:

Orienteringa er teke til vitande.

RS 5/25 Tilsynstrategi 2026 - 2028